

(Føresegnene er forsøkt reinskrive frå dei føresegnene som ligger på reg.planen. Så ein må ta forbehold på at det er riktig tyda frå dei som ligger på planen. Reinskrivinga er gjort fordi føresegnene var uleselig. (Okt. 2006, Åse Wiik)

REGLAR FOR HYTTEBYGGING I VINJE KOMMUNE.
VEDTEKT TIL § 82 I BYGNINGSLOVA.

*(DISP.PLAN SOLHAUG G65/B18.
04.08.75)*

1. Frådeling eller bortfestning – herunder punktfesting – av hyttetomter samt bygging av hytter og tilhøyrande båthus, garasje og uthus m.v., kan berre gjerast etter disposisjonsplan som er handsama av Bygningsrådet og godkjent av fylkesmannen. Fylkesmannen kan, etter framlegg frå Bygningsrådet, fritaka for eller gjeva utsetjing med utarbeiding av disposisjonsplan for visse område.
2. For bygningar som er nemnt under 1 skal, utanom kap. III og IV og §65, også gjelde §§66, 70, 71, 72, 73, 74 nr.2, 93, 94 og kap. XV og XVI.
3. Bygningsrådet kan utarbeide nærare reglar for hyttebygging.

REGLAR FOR HYTTEBYGGING:

Pkt. 1. Soneinndeling for utbygging i samsvar med generalplanen:

Sone I: Her er det ikkje lov å bygge hytter, hus eller tekniske innretningar i det heile | (kvalifisert villmark).

Sone II: Bruksmessig utbygging (bruksområde).

Sone III: Hyttebyggingsområde (gult).

Sone IV: Turistområde (raudt).

Pkt. 2. Tomta må vera godkjent av Bygningsrådet og skal vera tydeleg avmerkt. Eine kanten eller hjørne av hytta og hyttas lengderetning (raustretning) skal markerast med påle (pålar) i marka. Pålen (pålane) skal vera raudmåla i enden og nummerert. Kompassretning og avstand frå pålen til fast merkepunkt (store tre, stein eller berg merkt med raudmåling) skal vera oppgjeve.

Pkt. 3. Avkøyrsløse frå riksveg og parkeringsplass må ordnast i samsvar med Vegvesenets retningslinjer, men dette og annan vegbygging må særskilt godkjennast av vegmyndighetene. Veg til hytteområde bør utformast som fellesveg. Ein bør ikkje bygge veg til kvar hytte.

Pakt. 4. Vassklosett og kjemikalieklosett skal ikkje nyttast utan særskilt løyve. Elektrisk klosett, ventilert utedo eller annan form for biologisk nedbrytning bør nyttast.

Søppel og anna avfall skal tømast i samsvar med retningslinjer som vert gjevne i planen og som til kvar tid gjeld innan Vinje kommune. Ureingjering av vatn på nokon måte må ikkje forekomme. Brønnar skal sikrast i samsvar med lov om sikring av brønnar av 31.mai 1937. Eventuelle særreglar kan utarbeidast for dei einskilde hytteområde.

Pkt. 5. Hytte med tomt må haldast godt vedlike og i god orden. I skogsterreng skal hoggast med største skynsemd og varsemd. Planleggar eller skogmeister bør utforme blinkinga før bygging tek til. Skjeringar og fyllingar o.l. skal såast til eller dekkast med torv.

- Pkt. 6. Byggemelding skal sendast inn på fastlagd skjema og innehalde fylgjande:
- Situasjonsplan (skisse) som viser plassering av hytta på tomta, eventuelt kloakkavløp, drikkevatt og tilhøva til grannar og veg m.v.
 - Teikningar av romplan, snitt og fasadar i mål 1:100 eller 1:50.
 - Opplysningar om utvendes materialval og fargebruk m.v.
 - Eventuell kvittering for nabovarsel på fastlagd skjema.
 - Utsnitt av disposisjonsplan som syner hyttas plassering.
- Pkt. 7. Byggemelding med vedlegg bør innsendast i 2 eksemplar slik at det eine kan returnerast i godkjent stand. Teikningar må ha ei rimeleg teknisk utforming som gjev eit realistisk bilete av den påtenkte hytta m.v.
- Pkt. 8. Bygget skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området med enkel og god utforming, materialval og fargeverknad.
- Pkt. 9. Hovudbygg og eventuelt uthus skal vera i ei høgd og ha mest mogleg samanhengande og eins form, materialval og farge. Høgda på mur må som regel ikkje vera over 80 cm., og det heile byggast så lågt som råd. Oppdelte glasflater (minst 4-delte) bør nyttast. Dersom ikkje særlege arkitektoniske løysingar gjer annan utforming høveleg.
- Pkt. 10. Taket skal utførast som seltak på ca. 23 grader (fjordongsraust), Taksamanføyingar og knekk i takflata bør ikkje lagast. Taktekking skal utførast i materialar som har matt og mørk verknad.
- Pkt. 11. Utvendes bør nyttast i trematerialar og nøytrale fargar. Skarpe fargar som kvitt, ljosegult, signalraudt, ljoseblått eller ljosegrønt kan ikkje nyttast på nokon del av hytta utvendes (såleis ikkje raud eller grøn takpapp).
- Pkt. 12. Gjerde vil til vanleg ikkje bli godkjent oppført. Dispensasjon kan verta gjeven i særlege høve. Flaggstengar kan godkjennast dersom dei ikkje er måla i skarpe fargar og dersom dei vert lagde ned den tida hytta ikkje er i bruk.
- Pkt. 13. Fylkesmannen kan etter tilråding frå Bygningsrådet dispensere frå desse reglane når det ligg føre grunngjeven søknad. Bygningsrådet kan også skjerpe reglane når tomta er særleg dominerande eller når andre grunnar krev særiltak.
- Pkt. 14. Grunneigar, hytteeigar og byggjar (ansvarshavar) pliktar kvar for seg å sjå etter at desse reglar og føresegner vert etterkomen.

Til regelen vil ein merke: Det er høve til å dispensere ved utbyggingar av hytter i sone II.

Ifall slike dispensasjonar skal verta gjevne, lyt det vera definisjonen av sone II som skal vera utslagsgjevande: "Til dette område knyter det seg vesentlege jakt- beite- skog- og jordbruksmessige interesser".

Vedtekt til § 82 vart stadfest av Departementet 2/3 1967, og andre vedtekt 17/4 1972.

Reglane vart vedtekne av Vinje Bygningsråd 26/9 1967 og endra 19/11 1972. Vedtekta til § 82 og reglane er samsvar med Generalplan for Vinje kommune.